



## KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga  
til Rikskonsertane



# AFRISAH!

Eit musikalsk møte med ein fengjande dansar og ein dyktig djembespelar  
frå Elfenbenskysten i Vest-Afrika.

Klassetrinn: 1.- 7. klasse



Turneen er et samarbeid mellom



RIKSKONSERTENE



Møre og Romsdal fylke





## KONSERTINFORMASJON: Afrisah!

### FØRESTELLINGA

Raymond Sereba - song, dans, perkusjon  
Kossa Diomande - perkusjon, song

Utøvarane vil danse, syngje og spele musikk frå Vest-Afrika.

Dei speler på tradisjonelle afrikanske instrument. Førestellinga inneheld sekvensar med både trommer, dans og song. Utøvarane er av dei fremste i Noreg innan afrikansk trommespel, song- og dansetradisjonar og begge har verka som utøvarar, koreografar og pedagogar i meir enn 10 år.

Elevane vil også bli direkte aktiviserte i delar av førestellinga.

### UTØVARANE



Raymond Sereba

**Raymond Sereba**, dansar, skodespelar. Født i Elfenbenskysten i Vest-Afrika der han hadde fleire års engasjement ved landet sin nasjonalballett. I Noreg er Raymond mest kjend som ein smittande og engasjert danselærer og som ein svært erfaren kunstformidlar til barn og unge. Han driv ein eigen danseskole og saman med broren sin leier dei musikkgruppa ZIKALO. Raymond er også nytta som skodespelar ved ei rekkje teater i Noreg.



Kossa Diomande

**Kossa Diomande**, djembe, perkusjon og dans. Han arbeidde også som Raymond ved Nasjonalballetten i Elfenbenskysten. Kossa var både musikar og dansar. Kossa har sidan han kom til Noreg for meir enn 10 år sidan vore aktiv i mange samanhengar. Han starta si eiga gruppe, Super Djembe Kan, som spesielt heldt på med vest-afrikansk tradisjonell musikk og dans. Han deltek som perkusjonist i fleire blandingsgrupper av afrikanske og norske musikarar og han blir mye nytta til workshops og seminarverksemd.



## KONSERTINFORMASJON: Afrisah!

### PRAKTISKE KONSERTFØRBUINGAR

- Elevane sit på stolar i ein halvsirkel framfor utøvarane. Det skal vere ein open midtgong.
- Utøvarane opptrer på den eine langveggen i lokalet.
- Piano er IKKJE nødvendig.
- Vaktmeisteren må få eit eksemplar av konsertinformasjonen.

### PEDAGOGISK MATERIELL

Det er berre denne konsertinformasjonen.

*Vel møtt til konsert!*

Idékonsept og produksjon: Produsent Hallgeir Frydenlund, Rikskonsertane  
Opplegg: Diomande/Sereba/Frydenlund © 2001



## KONSERTINFORMASJON: Afrisah!

Produksjonsnummer: 1.08H.056

### SPØRSMÅL OM TURNÉPLANEN

Turnéleggar Hege M. Gagnat,  
Møre og Romsdal fylke  
tlf: 71 25 88 87 / 90 11 40 24,  
E-post: kultursekken@mrfylke.no

### SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Produsent Hallgeir Frydenlund  
Rikskonsertane  
Tlf. 22 02 59 13  
E-post: hf@rikskonsertene.no

### FAKTA

Rikskonsertane har det heilskaplege ansvaret for skolekonsertordninga i Noreg og legg dei faglege rammene for verksemda. Skolekonsertane er statleg finansierte gjennom budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Fylkeskommunane har ansvar for turnéplanlegging og delar av konsertproduksjonen i sine respektive fylke. Kommunane abonnerer på skolekonsertane til Rikskonsertane, ei ordning som i dag omfattar 99,7 % av alle grunnskolane i landet. 600 000 barn får to årlege besøk av profesjonelle musikarar på skolane sine. Den enkelte skolen står som arrangør av skolekonsertane. Kwart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skolekonsertar i Noreg.

Du finner meir informasjon på [www.rikskonsertene.no](http://www.rikskonsertene.no)

